



RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN

2004-2008

*Vedtatt av Midsund kommunestyre
i sak 04/015
i møte den 29. april 2004*

INNLEIING

Alkoholova § 1-7d seier at kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova set ikkje krav til planen, men i rundskriv I-6/98 ser Sosial- og helsedepartementet det som naturleg at den inneheld alkoholpolitiske hovudmål, delmål og verkemiddel/tiltak.

Den bør bli behandla i kvar kommunestyreperiode.

Målet er at planen i større grad skal vere eit styringsverktøy og vere meir konkret/forpliktande når det gjeld mål og tiltak. Det er naturleg i ei slik plan å sjå på rusmiddel situasjonen totalt sett og ikkje berre i høve alkohol.

Formannskapet i Midsund vedtok i møte den 26.02.04, sak 04/003, oppstart av revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan. Helse- og sosialutvalet vart nedsett som arbeidsgruppe med mandat til å kome med forslag til revidert plan.

Helse- og sosialutvalet har i sitt arbeid med planen hatt to arbeidsmøter. Berørte offentlege partar har vore tilskrivne og har hatt høve til å kome med innspel til plana.

RUSMIDDELSITUASJONEN:

Rusmiddelsituasjonen i Midsund skil seg ikkje i større grad frå andre kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. Dette gjeld både tilgjenge, forbruk og rusmiddelskadar.

Nositasjonen:

- Det er lett for ungdom å skaffe alkohol. I flg. helsesøster blir dette stadfesta av elevar i 10. klasse ved Midsund skule.
- I flg. helsesøster seier elevane at dei ikkje kjenner til at stoff blir brukt i miljø/klikkar, eller i rom på festar.
- I flg. politiet er det få tilbakemeldingar/rykter vedr. bruk av narkotika og alkohol frå Midsund kommune dei to siste åra. Dette kan kanskje tyde på ein viss nedgang utan at dette kan dokumenterast.
- Politiet uttaler at det generelt er stor tilgang på narkotika i Molde-regionen så det er all grunn til å vere på vakt. Det kan synast som det er større aksept for bruk av hasj generelt i ungdomsmiljøa utan at det spesifikt kan seiast om Midsund kommune.
- Samanlikningstal for kommunane 2001/2002, Narkotikaforbrytelser og overtredelse av alkoholoven: Tala viser at Midsund er under snittet. Viser her til vedlegg.
- Der er to skjenkestadar i kommunen, og tala for skjenking siste åra viser seg som relativt stabile.
- Talet på omsetningsstadar i kommunen er redusert til 3. Også her viser omsetningstala for dei siste åra å vere relativt stabile.
- Få/ingen negative tilbakemeldingar frå skjenke-/og salskontrollane eller lensmann.

Grupper som kan vere særleg utsett:

- Ungdom
- Born i ein vanskeleg livssituasjon
- Personar i krise, ramma av ulykker (sorg)
- Arbeidslause
- Sesongarbeidarar

Risikosituasjon og særskilde problem:

- Heime-åleine festar/leige av lokale utan tilsyn frå vaksne.

- Kontakt med eldre ungdomar/”idol”
- Ungdom som ”ikkje har noko å finne på”
- Lite vaksenkontakt/omsorgssvikt
- Ikkje fast stasjonert lensmann i kommunen.

RUSMIDDELPOLITISKE MÅL

- Redusere forbruket og dermed skadeverknadar av rusmiddelbruk, individuelt og for samfunnet.
- Auke kunnskapen om samanhengane mellom bruk/misbruk av ulike rusmiddel.
- Styrke haldningsskapande arbeid mot narkotika og misbruk av alkohol.
- Foreldre, skule, lag og organisasjonar må aktivt med i førebyggjande og haldningsskapande arbeid.
- Heve debutalderen for bruk av alkohol.

Tiltak:

Tiltaksdelen er delt inn i to; avgrense etterspørsel og avgrense tilgang.

Avgrense etterspørsel:

- Oppretthalde ungdomsklubben.
- Legge til rette for fysiske aktivitetar. Eventuelt kunne legge til rette for å kunne nytte tilbod i andre kommunar om tilboda ikkje er i Midsund.
- Årlege informasjonsmøte/aksjonar overfor barn, ungdom og foreldre t.d. av typen MOT, ”Rock mot rus”, ANT-undervisning (alkohol, narkotika, tobakk)
- Oppretthalde eit godt kulturtilbod gjennom m.a. økonomisk støtte til rusfrie tiltak (kulturmidlane)
- Haldningsskapande arbeid bør starte allereie på helsestasjonen.
- Oppretthalde godt fungerande offentlege instansar som helsetenesta, barnevern og omsorgsgruppe (beredskapsgruppe)
- Det blir i samband med dei ovannemnde tiltakspunkta vist til opptrappingsplan for psykisk helse 2000-2006.

Avgrense tilgang:

- Restriktiv haldning i samband med nye skjenke- og salsløyve.
- Ved vurdering av løyvesaker skal alkoholpolitiske omsyn tilleggst vesentleg vekt.
- Arrangement i kommunal regi skal vere rusfrie.
- Det skal leggjast fram sak om oppretting av eit eventuelt ambulerande skjenkeløyve for slutta lag, jmf. alkohollova § 4-5.
- Oppretthalde kontrollutvalet for alkoholomsetnad og skjenkekontrollane, jmf. alkohollova.
- Ein ser det som sjølvsagt at kommunen ved brot på lov eller føresegn i høve alkohollova nyttar dei moglegheiter for sanksjonar som alkohollova § 1-8 legg til rette for.

Andre tiltak:

- Det bør haldast eit informasjons-/drøftingsmøte mellom kommunen, lensmannen og ansvarleg

for forsamlingslokala ang. bruk av alkohol ved ulike tilstellingar.

- Tiltak for etablerte rusmisbrukarar (viser til sosialtjenestelova § 6-1)
- Ønskeleg med auka nærvær av politi, særleg på helg.
- Det skal i kommunen si årsmelding skrivast eit punkt om rusmiddelsituasjonen i kommunen.